



Tormod Myklebust syner fram THK stiftinga sitt lager i Byggeriet sitt lokale i Uskedalen.

Tomod Myklebust i THK stifelsen har lenge vore på leit etter eit lager for innsamling i samband med hjelpesendingar til Korosten i Ukraina. Med stor velvilje frå Terje Myklebust og Kåre Guddal i Uskedal Trelastlager er problemet inntil vidare løyst. Ledige lokale i Byggeriet, i det som tidlegare mellom anna har vore brukt til post, rammeverkstad og byggekantor, vert no lager for stiftinga i Kvinnherad. Eit lager vil letta innsamlinga og ved avtale kan ein no få levert varer. Ein slepp venta på den årlege innsamlinga og transporten til Ukraina.

Tormod Myklebust har vore engasjert i THK stiftinga i over 10 år. Det starta ved at Tormod som sjåfør kom i kontakt med Vidar Akselsen, som er dagleg leiar og som held til på Karmøy. THK står for Tru, Håp og Kjærleik og er ei kristen stifting som driv diakonalt arbeid. Alt arbeid vert gjort på dugnad. Det gjeld innsamling, lagring og transport. Tormod Myklebust har i snitt vore på to turar til Korosten i året. Tilsaman utgjer dette om lag 20 turar som sjåfør på den lange turen fram til Tsjernobyl område.

Den økonomiske situasjonen i Ukraina er vanskeleg. 1/3 av folket er svært fattige. Dei treng kle, sko, teppe, sengle og andre varer for å overleva. Med krig og uro er det mange interne flyktningar i landet og det er ofte snakk om vidaresending av hjelp fram til fronten. Mange ser verdien av å hjelpa. Det er strenge reglar for lossing og avlevering av varene. Mottakarorganisasjonen må vera godkjend av myndighetene i Kiev.

Dersom nokon har varer eller ynskjer avlevering til dømes ved husrydding, kan ein gjera avtale med Tormod Myklebust på mobil 971 47 851. Det er vanleg innsamling alt 1. april. Transporten til Ukraina går 3. april. Det kjem kunngjering om klokkeslett for stoppen i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Innsamla kle, sko og sengkle må gjerast i kartongar eller plastposar. Alle varer, som skal gå som hjelpesending, må vera heile og reine.